



På programma vart det trekt ut 4 vinnarar, men på trehjulsykkel var alle vinnarar 17.mai!

Styringsgruppa har no trekt ut 4 vinnarar på dei opptrykte 17.mai-programma som vart selde på førehand. Silje Øye fortel at det vart selt vel 70 program, men dei hadde trykt opp omlag det doble.

Vinnarane vart dei som hadde kjøpt program med følgjande nummer: 9 - 27 - 78 - og 121.

Silje Øye skriv at dei heldige må ta kontakt med henne på tlf 970 06 396 , så vert det ordna med levering av gevinsten.

Styringsgruppa vil elles takka alle som kjøpte program, og bidrog på andre måtar til at dagen vart ein flott festdag trass i dårleg ver.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland